MEDLEMSBREV APRIL 2024
UTDANNINGSFORBUNDET VOSS

NR.2 - ***STERKARE SAMAN!*** **2024**

Nytt frå Utdanningsforbundet

Lokallaget gjennomførte ekstraordinært årsmøte 11. april
Styret for 2024—25:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
Leiarverv				
Kåre Grevle	Voss ungdomsskule	GRS	Leiar	2023 - 25
Anders Gjeraker	Voss ungdomsskule	GRS	Nestleiar / vara -HT	2024 – 26
Styremedlemmar				
Rune Magnar Røthe	Granvin barne og ungdomsskule	GRS	HTV	2024 – 26
Knut Brunvoll	Voss gymnas	VGO	Styremedlem	2024 – 26
Tina C Solstad	Læringsverkstedet Tvildemoen bhg	BHG	Styremedlem	2024 – 26
Aud Irene Lavik	Klausabakken bhg	BHG	Styremedlem	2023 - 25
Live Hyrve	Voss vgo	VGO	Styremedlem	2023 – 25
Siri Giljarhus	Gjernes barneskule	GRS	Styremedlem	2023 - 25
Vara styremedlemmar				
Jon Arve Bjordal	Skulestad skule	GRS	1.vara	2024 – 26
Michelle Karevoll	Klausabakken bhg	BHG	2.vara	2024 – 26
Wenche Bolstad	Skulestad skule	GRS	3. vara	2023 - 25

Her kan du halde det oppdatert på hovudtariffoppgjeret 2024



Det blir lokale forhandlingar til hausten, og storleiken på den lokale potten vert del av forhandlingane sentralt.
Utdanningsforbundet sin politikk er at me vil ha sentrale lønsforhandlingar.
Lokallaget vil sende ut informasjon i forkant av forhandlingane.

Tariff 2024:

Frist mekling er 30. april. Unio forhandlar for våre medlemar.

- I dette oppgjeret forventar me ei klar reallønsvekst for våre grupper. Skal ein løyse utfordringane i kommunane, må det til ei nivåheving som merkast, seier forhandlingsleiar Geir Røsvoll i Unio kommune.
- Frontfaget landa på 5,2%, det viser eit utgangspunkt.
- Les UNIO sin rapport om TBU-tala. (talgrunnlaget for oppgjeret)

DETTE ER UNIO SINE VIKTIGSTE KRAV:

Reallønsvekst til alle, med ei prioritering av dei med meir enn fire års utdanning, og dei med lang ansiennitet.

Utredning av eige kapittel eller hovudtariffavtale for lærarar i grunnskule og vidaregåande skule.

Krav til endringar i hovudtariffavtalen som bidreg til at kommunesektoren er ein attraktiv arbeidsplass for tilsette med høgare utdanning, og som fremjar sterke fagmiljø,

---

Aktuelle kurs på UDF si heimeside: her!



KURS OG MØTE
Tilbodsstruktur VGO: 25.4 Voss vid.g. skule
Styremøte: 2. mai - 7. juni
AT-møte: 7. mai
Medlemsmøte bhg: 13 mai
TV 4: 15. mai (nye tillitsvalde)
Leiarforum: 15 mai

Neste medlemsbrev: Juni

UTDANNINGSFORBUNDET VOSS KONTAKTINFORMASJON

Leiar: Kåre Grevle: kare.grevle@utdanningsforbundet.no
Nestleiar: Anders Gjeraker: anders.gjeraker@utdanningsforbundet.no
HTV: Rune Magnar Røthe: rune.magnar.rothe@utdanningsforbundet.no
E-post: post@voss.utdanningsforbundet.no

Adresse:
Uttgrågata 23B
5700 VOSS

VIDAREGÅANDE SKULE-TILBOD PÅ VOSS UNDER PRESS!

Det er kamp om tilbodet til dei vidaregåande skulane. Les om høyringa her →


Vestland fylkeskommune

Startside → Politikk → Høyringar → Høyring: Korleis skal skuletilbodet i Vestland vere?

Høyring: Korleis skal skuletilbodet i Vestland vere?

Podcastar om skule / barnehage:
Tema: Møte Utdanningsforbundet sin nye leiar, Geir Røssvoll.
Tema: Med livsmestring på timeplanen
Tema: Mobbing i barnehagen, gjest Lise Einarsen Haukås.

Korleis skal skule tilbodet i Vestland vere?

Høyringsfrist: 20 mai.

Kven kan kome med innspel? Både privatpersonar og organisasjonar kan svare på høyringa. Høyringa er offentleg og alle innspela vert lagt med i saka. Innspela kan ikkje vere anonyme.

Lokallaget og klubbane i dei vidaregåande vil svare. Lokallaget oppmodar alle medlemar til å støtte opp om kampen for den framtidige tilbodsstrukturen for vidaregåande skule i Vestland. Me oppmodar våre medlemmer til å stille på det fysiske høyringsmøtet.

Møt opp på Voss vidaregåande skule

torsdag 25. april kl. 18.00.



Framlegget er eit angrep på einskapsskulen, som skal sikre alle unge eit likeverdige tilbod. Dette er like mykje ei nedlegging av tilbodet, som det er ei sentralisering. 16—17-åringar skal ikkje tvingast til hybellivet i Bergen. Me meiner det er økonomiske insentiv som ligg bak, der familiane får utgiftene om ungdommen vel å gå på skule i Bergen. Udf godtek ikkje premissen om at ein skal spare på skule, for satsar ein på skule vil samfunnet tene det inn att økonomisk gjennom auka fullføring, sikre at unge kjem seg ut i arbeidslivet og best mogleg oppfølging av dei unge. To flotte «nye» skular er bygd for framtida, då må dei brukast som tenkt.
Musikk, kunst og idrett er hjørnesteinar i vossabygda, og det er ei katastrofe for kultur-, lags- og idrettslivet om tilbodet vert strupt.

På **heimesida** finn du protokollar frå styremøta våre, årsmøta og andre aktuelle skriv.



HT– hjørna:
- Arbeider med tilsetjingar, både til lærarstillingar i barnehage og skule, og til ledige leiarstillingar i Voss Herad.
Skuleruta 2025—26. Sendt klubbane.
Høyringar etter ny Opplæringslov.

———————————————————-


Utdanningsforbundet sin forskingsportal fortset å vekse! Artikkel nummer nr. 3500 er no publisert på Utdanningsforskning.no!

———————————————————

Medlemsmøte om lærarrøysta.
Tema var lærarrøysta innan skule og barnehage. Mange utanforståande meiner mangt og mykje om barnehage og skule, når skal samfunnet lytte til lærarane?

Det vart eit godt medlemsmøte om profesjonsrøysta der Ingrid Helleve hadde ei godt innlegg om tema, der ho viste til utviklinga over tid og kva forskinga seier nyttar. Det gav eit godt grunnlag for den gode diskusjonen etterpå. Forskinga seier utviklinga må kome frå skulen og barnehagen, med rettleiing utanfrå.

Ny rapport! (Sintef)
Vald, truslar og trakassering mot tilsette er ikkje ei privatsak, det er eit arbeids-





Ingrid Helleve under medlemsmøtet 11. april om profesjonsrøysta.